

## Krav til kvalitet

Det skal nyttast golvbelegg av god kvalitet og det skal oppfylle krav til sklisikkerheit (minimum klasse A) i garderobar. Golvbelegg skal også vere lett å reingjere. Det skal setjast opp baderoms plater på veggjar av god kvalitet i garderobar og på toalett. Dei skal dekkje heile veggjen, men med vanleg avstand til golv (som eksisterande) frå tak til golv. Himlingsplater skal vere av same type som eksisterande.

## Krav til arbeidsutføring

Arbeidet skal vere av god handverksmessig standard. Alt arbeid som høyrer med til eit godt arbeid på bad skal vere med i leveransen og prisast inn. Bygningsavfall skal leverast i container som Radøy kommune stillar med.

## Prising

Allt skal prisast, det vil sei heile løysinga. Dette inkluderer alle målingar som må til for å spesifisere talet på plater ein treng til veggjar, kor mange kvadratmeter golvbelegg, talet på himlingsplater og fuktkontroll. Prisar skal inkludere tildekking av golv og andre flater som bør dekkast under arbeidet. I tillegg skal ein ta med tettearbeid av dusjgarderoben til dømes sparkling. Spesifiser om prisar er inkludert eller utan moms.

I tillegg skal arbeidet og material i lista under prisast.

Resterande garderobeareal	Kr. 134 047,- eks. mva.
Inngangsparti	Kr. 78 916,- eks. mva.
Toalett	Kr. 112 515,- eks. mva.
Gangareal	Kr. 50 586,- eks. mva.
Timepris på tilleggsarbeid	Kr. 520,- eks. mva.
Påslagsprosent på materialkostnad	Kr. 15%

## Sluttdokumentasjon

Enkel FDV dokumentasjon av matrialer og utføring.

  
ÅSANE BYGGMESTER  
*Ståle Skjelt*  
7/2-15